



Arkivnr: 2014/14645-92  
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		17.02.2016

### Søknad om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak 2016

#### Samandrag

I *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017* vart det etablert ei ny tilskotsordning til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane. Ordninga har ei råde på 2,03 mill kr i 2016. Bakgrunnen for tilskotsordninga er å styrke det målretta trafikksikringsarbeidet i kommunane. Tiltak som er høgt prioriterte i kommunane sine trafikksikringsplanar er ofte små tiltak som likevel kan vere av stor betydning. Det er ei målsetjing at denne tilskotsordninga skal vere med å løfte fram desse tiltaka. Det er utelukkande kommunar som kan søkje om tilskot til tiltak på kommunal eller fylkeskommunal veg. Målsetjinga er å få gjennomført enkle tiltak, utan store kostnader og innan kort tid.

Innan søknadsfristen den 1. januar var det kome inn 41 søknader frå totalt 18 kommunar. Det er fyrste gong så mange kommunar søker. Ni av kommunane søkte om meir enn eitt tiltak. Totalt vart det søkt om tilskot på 9.909.150 kr, med ein totalkostnad for alle prosjekta på 15.714.768 kroner. Dei aller fleste tiltaka er på kommunal veg, og retter seg inn mot mjuke trafikantar, og ligg langs skuleveg/tettbygd strok. Det er i stor grad søkt om midlar til fortau, gangfelt, vegljøs og siktutbetring. I vurderinga av søknadane har Statens vegvesen hatt ei svært viktig rolle gjennom sin faglege analyse og kunnskap om trafikksikringstiltak på vegnettet.

**Forslag til vedtak**

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) vedtek fordelinga av tilskotsmidlar til mindre fysiske trafikksikringstiltak 2016 slik det går fram av saksframlegget.

	<b>Kommune</b>	<b>Omtale av tiltaket</b>	<b>Innstilling</b>
1	<b>ASKØY 4</b>	Florvågbakken. Sikring av to kryss pga dårleg sikt. Venteskur.	175 000
2	<b>AUSTEVOLL 2</b>	Storebø. Utkøyring frå byggefelt. Utvida veg og utkøyring.	70 000
3	<b>BØMLO 2</b>	Langevåg Fv 541 X Fv 11. Sprengje vekk fjellknaus og oppsetting av ledegjerde.	154 000
4	<b>ETNE 1</b>	Oppsetting av 10 lysmaster og utskifting av 5.	175 000
5	<b>FITJAR</b>	Punktutbetring. Stølshaugebrekko. Uoversiktleg sving/bakkeopp.	175 000
6	<b>FUSA</b>	Etablere fortau på 25 meter og rundkøyring for av/påstiging.	175 000
7	<b>KVINNHERAD 4</b>	Hatlestad ung.hus. Fv 49. Utbetre frisisikt og stoppsikt rundt kurve.	14 000
8	<b>LINDÅS 1</b>	Idrettsbana og Juvikstølen bhg. Fortau 90 meter.	154 000
9	<b>MASFJORDEN</b>	Sandnes skule. Fv 570. Fortau 75 meter. Fartshump.	175 000
10	<b>OS 2</b>	Fartshumpar.	70 000
11	<b>OSTERØY 2</b>	Veglys. Haus sentrum til kyrkja.	175 000
12	<b>RADØY 1</b>	Nordbøvegen. Fartsdempande tiltak/fortau	175 000
13	<b>SVEIO</b>	Lauvåsvegen. 4 lyspunkt på eksisterande stolpar.	42 000
14	<b>ULLENSVANG</b>	Huse bustadfelt. 10 fartshumpar.	175 000
15	<b>VAKSDAL</b>	Tre fartsregulerande tilak. Øvre Eikhaugen. Hellevegen. Stanghelle vest.	133 000
	<b>OPPSUMMERT</b>		<b>2 037 000</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 08.01.2016

### Bakgrunn

I *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017* vart det etablert ei ny tilskotsordning til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane. Ordninga har ei råde på 2,03 mill kr i 2016. Bakgrunnen for tilskotsordninga er å styrke det målretta trafikksikringsarbeidet i kommunane. Tiltak som er høgt prioriterte i kommunane sine trafikksikringsplanar er ofte små tiltak som likevel kan vere av stor betydning. Det er ei målsetjing at denne tilskotsordninga skal vere med å løfte fram desse tiltaka. Det er utelukkande kommunar som kan søkje om tilskot til tiltak på kommunal eller fylkeskommunal veg. Målsetjinga er å få gjennomført enkle tiltak, utan store kostnader og innan kort tid.

Til samanlikning kom det i 2015 inn 29 søknader frå 12 kommunar. Det vart tildelt tilskot til 16 av tiltaka.

### Kort om tilskotsordninga

Ordninga kan finansiere inntil 70 pst av godkjende kommunale og fylkeskommunale tiltak, og det vert kravd ein lokal eigenandel på minst 30 pst av tiltaket sin totale kostnad. Totalt kan ikkje tiltaket overskride 250.000 kr eks. mva. Forpliktande dokumentasjon på den lokale eigenandelen skal følgje søknaden. Vidare vert det sett krav til eigenandel og dekking av meirforbruk/overskridingar. Ved kostnadsreduksjon vert tilskotet 70 pst av dei reelle kostnadane. Ved søknad om tilskot til fleire tiltak frå ein kommune, må kommunen prioritere mellom tiltaka.

Grunnleggjande kriteria henta frå handlingsplanen:

- Ordninga vil vere basert på søknader frå dei enkelte kommunane til FTU.
- Tiltak må i utgangspunktet gjelde kommunal eller fylkeskommunal veg.
- Det vil vere krav om at kommunane har ei oppdatert trafikksikringsplan.
- Det vil vere krav om at tiltaka er planavklart eller eventuelt ikkje har behov for omfattande planavklaringar.
- Det vil vere krav om kommunal medfinansiering.

I vurderinga av søknadane har Statens vegvesen hatt ei svært viktig rolle gjennom sin faglege analyse og kunnskap om trafikksikringstiltak på vegnettet. I vurderinga av søknadane vart det lagt vekt på at tiltaka som søker delfinansiering frå tilskotsordninga skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafiktryggleiken. Det kan søkjast om midlar innanfor eit bredt spekter av tiltak, men tiltak som rettar seg inn mot mjuke trafikantar, i særleg grad born og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkøyringsulukker vert særleg vektlagt ettersom dette er tiltak som e knytt til Hordaland fylkeskommune sine særskilte satsingsområde i denne planperioden.

### Om vurderinga av tilskotssøknadane

Totalt sett er det søkt om mange gode trafikksikringstiltak, og tilskotsordninga fungerer slik sett etter føremålet. Dei 41 ulike tiltaka er ulike både i type, omfang og kostnader. Dei aller fleste tiltaka er på kommunal veg, og retter seg inn mot mjuke trafikantar, og ligg langs skuleveg/tettbygd strok. Det er i stor grad søkt om midlar til fortau, gangfelt, vegljøs og siktutbetring.

I Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune si vurdering av søknadane er det særleg lagt vekt på den trafikkfaglege delen av tiltaket, det vil seie effekten av trafikksikringstiltaket og om alle omsyn er teke med i planarbeidet, jf praktisk gjennomføring. Vidare har type tiltak vore ein del av vurderinga saman med tidsaspektet for gjennomføringa (byggeperioden). I vurderinga har det vore viktig å løfte fram dei tiltaka som vil gje best trafikksikringseffekt. Kommunen si prioritering er difor ikkje teke omsyn til i like stor grad. Vidare er nokre av tiltaka det søkt om ein del av andre prosjekt, jf *Plan- og byggeprogrammet for Hordaland utanom Bergen 2016*, og andre ein del av fylkesrådmannen sitt forslag til bruk av midlane til punktutbetringar/trygge skulevegar (31,3 mill kr).

Nokre av tiltaka omfattar ny skilting i området, og med det krav om skiltvedtak frå Statens vegvesen. Skiltplanane (og skiltinga) må vera i tråd med sentrale skiltnormalar. Statens vegvesen har skiltmynde for trafikkregulerande skilt også på kommunalt vegnett. Tiltak som omfattar ny skilting krev difor skiltvedtak frå Statens vegvesen. Godkjent skiltvedtak må leggest ved som dokumentasjon for utbetaling av tilskot.

Tabelloversikt over søknadane

	Kommune	Kostnad	Søknadsbeløp	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	ASKØY 1	250 000	175 000	Grensedalen. Fortau og busshaldeplassar.	
2	ASKØY 2	250 000	175 000	Heggernes, Liavegen og Storevardsbrekka. Fjellsikring	
3	ASKØY 3	220 000	165 000	Fv 563 X Stongafjellet. Utbetre fortau/gangfelt.	
4	ASKØY 4	250 000	175 000	Florvågbakken. Sikring av to kryss pga dårleg sikt. Venteskur.	175 000
5	AUSTEVOLL 1	290 000	203 000	Etablere fortau/gang- og sykkelveg frå fylkesvegen til skulen på Selbjørn.	
6	AUSTEVOLL 2	100 000	70 000	Storebø. Utkøyring frå byggefelt. Utvida veg og utkøyring.	70 000
7	AUSTEVOLL 3	120 000	84 000	Fv 546 X veg Havforskningsinst. Forbetre siktlinje i kryssområde.	
8	AUSTEVOLL 4	150 000	105 000	Bjelland kryss Fv 155. TS-inspeksjon.	
9	BØMLO 1	295 000	221 250	Fv 23. Fire tiltak. Veglys, kantstopp, siktutbetring og sikt i avkjørsel. Må ervervast grunn.	
10	BØMLO 2	220 000	154 000	Langevåg Fv 541 X Fv 11. Sprengje vekk fjellknaus og oppsetting av ledegerde. Må ervervast grunn.	154 000
11	BØMLO 3	282 000	197 400	Fv 541, Innvær. Justering av busslomme, og flytting av anna busslomme. Må ervervast grunn.	
12	BØMLO 4	107 768	75 500	Langevåg ferjekai til bilverkstad. Fv 541. Veglys. Vurderer forlenging av fortau som eige tiltak seinare.	
13	ETNE 1	250 000	175 000	Oppsetting av 10 lysmaster og utskifting av 5.	175 000
14	ETNE 2	75 000	52 500	Rekkverk. Autovern på ein strekning på 100 meter.	
15	ETNE 3	4 000 000	2 000 000	Osnesvegen. Fortau med veglys. 850 meter.	
16	ETNE 4	3 000 000	2 100 000	Tonganevegen. Fortau med veglys. 680 meter.	
17	ETNE 5	300 000	210 000	Prestaveg X Fv 48 i Skånevik. Flytte kryss. Sikring av frisktsoner.	
18	FITJAR	250 000	175 000	Punktutbetring. Stølshaugebrekko. Uoversiktleg sving/bakketopp.	175 000
19	FJELL	488 000	250 000	Fortau 211 meter, og 6 stk veglys.	-
20	FUSA	300 000	210 000	Etablere fortau på 25 meter og rundkøyring for av/påstiging.	175 000
21	KVINNHHERAD 1	282 000	175 000	Baronivegen Fv 53. Manglar samanhengande fortau.	
22	KVINNHHERAD 2	60 000	42 000	Husnes sentrum. Gangsti er for smal til at den kan brøyta. Opprusting og asfaltering.	
23	KVINNHHERAD 3	70 000	49 000	Lundsvingane. Flytting av busstopp krev etablering av rekkverk på gangveg. 70 meter.	
24	KVINNHHERAD 4	20 000	16 000	Hatlestad ung.hus. Fv 49. Dårlig sikt. Sprengje vekk fjellnabbe. Utbetre friskt og stoppsikt rundt kurve.	14 000
25	KVINNHHERAD 5	190 000	133 000	Gjermundshamn. Fv 48 og Fv 49. Fotgjengar overgang. Det manglar kryssingspunkt for gåande mlm bustadområde/butikk og skulen.	
26	KVINNHHERAD 6	80 000	56 000	Herøysund Sør Fv 48. Fjerne fjellnakke. Friskt utviding.	
27	LINDÅS 1	220 000	154 000	Idrettsbana og Juvikstølen bhg. Fortau 90 meter.	154 000
28	LINDÅS 2	70 000	49 000	Eidavegen mot Ostereidet. Forlengje gangveg.	
29	LINDÅS 3	325 000	227 500	Ostereide skule og kyrkja. Fortau mlm kyrkja og skulen.	
30	MASFJORDEN	250 000	175 000	Sandnes skule. Fv 570. Fortau 75 meter. Fartshump. I samband med anna prosjekt på vegen.	175 000
31	OS 1	200 000	140 000	Veglys. Supplering av enkeltarmaturer.	
32	OS 2	100 000	70 000	Fartshumpar. 5 sirkelhumpar.	70 000
33	OSTERØY 1	250 000	175 000	Gangsti og sykkelveg mlm næringsområde Oddalsmyra og kom.veg Hannisdal. Hindre at mjuke trafikantar nyttar Fv med 80 km/t.	
34	OSTERØY 2	250 000	175 000	Veglys. Haus sentrum til kyrkja.	175 000
35	RADØY 1	250 000	175 000	Nordbøvegen. Fartsdempande tiltak/fortau	175 000

36	<b>RADØY 2</b>	400 000	175 000	Manger barneskule. Rundkøyning med av/påstiging. Fortau.	
37	<b>STORD</b>	500 000	350 000	Littabø skule. Fortau 110 meter. Utvida veg med rundkøyning.	-
38	<b>SVEIO</b>	60 000	42 000	Lauvåsvegen. 4 lyspunkt på eksisterande stolpar.	42 000
39	<b>TYSNES</b>	500 000	250 000	Uggdal skule. Nedsett fartsgrense. Fartshumpar. Av/påstiging. Asfaltering.	-
40	<b>ULLENSVANG</b>	250 000	175 000	Huse bustadfelt. 10 fartshumpar.	175 000
41	<b>VAKSDAL</b>	190 000	133 000	Tre fartsregulerande tilak. Øvre Eikhaugen. Hellevegen. Stanghelle vest.	133 000
	<b>OPPSUMMERT</b>	<b>15 714 768</b>	<b>9 909 150</b>		<b>2 037 000</b>

Av dei 18 kommunane er det ni kommunar som søker om meir enn eitt tiltak. Eitt av fire tiltak er på fylkeskommunal veg. Søknadssummene varierer frå 16.000 kr til 350.000 kr. Det vert opplyst at alle tiltaka kan gjennomførast innan 31.12. 2016. Vidare er alle tiltak anten forankra i den kommunale trafikksikringsplanen, eller er eit tiltak i plan som er under rullering.

Tretten av tiltaka fell ikkje inn under retningslinjene i og med at dei har ein totalkostnad over 250.000 kr. Dette inneber at fire av kommunane ikkje har søkt om tiltak innanfor retningslinjene, jf at dei berre har søkt om eitt tiltak, - der dette er over summen for totalkostnaden. Dette gjeld kommunane Fjell (488 000 kr), Fusa (300 000 kr), Stord (500 000 kr) og Tysnes (500 000 kr). Desse kommunane er kontakta særskilt. Tilbakemeldingane her var at tiltaket kunne delast opp om det vart trong for det.

Som tabellen over viser så er totalt 15 av dei 41 tiltaka prioritert til å få tildelt tilskot. Desse tiltaka er vurdert til å vere dei trafikksikringstiltaka som vil gje best mogleg effekt ut frå tilskotsordninga si råme.

Ti av kommunane som søker om tilskot i 2016, fekk og tilsegn gjennom same tilskotsordninga i 2015. Nokre av desse tiltaka er enno ikkje ferdigstilt. Dette gjeld tiltak i kommunane Askøy, Austrheim, Lindås og Ullensvang. Det er gjort avtale med kommunane, og tilskotet vert utbetalt så snart tiltaket er ferdigstilt.

### Fylkesrådmannen sine kommentarar

Den faglege vurderinga av Statens vegvesen har vore svært viktig i dette arbeidet. Ut frå vurderinga som er gjort finn fylkesrådmannen at alle kommunane har ein eller fleire gode søknader, men det er likevel ikkje grunnlag for å tildele tilskot til alle dei 18 kommunane. Etter fylkesrådmannen si vurdering vert det vanskeleg å avgrense tilskotssummen til tiltak som oppfyller kriteria, slik at ein kan tildele tilskot til tiltak som klårt fell utanom kriteria. Til det er totalsummen på denne ordninga for liten, og tilskotsordninga krev då ei anna innretning. Utgangspunktet for ordninga er at dei miste trafikktryggleikstiltaka skal løftast opp og gjennomførast.

Fylkesrådmannen rår difor til at 15 av dei 18 kommunane får tilskot til eitt tiltak kvar. Dette inneber at kommunane Fjell, Stord og Tysnes ikkje får tildelt midlar. Tiltaket i Fusa kommune er det tiltaket som ligg klårt nærast kriteria, gjennom at det har ein totalkostnad på 50.000 kr over totalråma. Fylkesrådmannen vurderer det slik at dette tiltaket kan få tilskot på 175.000 kr. Kommunen har ikkje søkt om tilskot gjennom denne ordninga tidlegare.

Det er totalt sett at 2,037 mill kr til denne ordninga i 2016, og fylkesrådmannen rår til at det vert tildelt midlar med ein total tilskotssum lik denne summen.